

Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF

Tid: Styret for Helse Vest RHF 27.06.2007, 08:30 - 14:00
Møtestad: Sunnfjord Hotell, Førde

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret:

Forfall frå styret:

Oddvar Nilsen	Svein Andersen
Leiar	Medlem
Kari Oftedal Lima	Helge Espelid
Nestleiar	Medlem
Gisle Handeland	
Medlem	
Reidun Korsvoll	
Medlem	
Inger Hamborg	
Medlem	
Magnar Lussand	
Medlem	
Aslaug Husa	
Medlem	
Ellen Solheim	
Medlem	
Gunvor Sunde	
Medlem	
Eli Moldeklev	
Varamedlem	

Deltakarar frå administrasjonen:

Administrerende direktør Herlof Nilssen

Viseadministrerende direktør Helge E. Bryne

Fagdirektør Odd Søreide

Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen

Kommunikasjonsdirektør Bjørg Sandal

Seniorrådgivar Torunn Nilsen (ref)

Saker:

055/07 B	Godkjenning av innkalling og dagsorden
056/07 B	Godkjenning av protokoll frå styremøte 23. mai 2007
057/07 B	Godkjenning av protokoll frå ekstraordinært styremøte 29. mai 2007
046/07 B	Oppretting av konsernhovudverneombod
048/07 B	Sosial- og helsedirektoratet sitt årlege brev til dei regionale helseføretaka 2007 (IS-2-2007)
050/07 B	Helse Bergen HF - sal av eigedomen Vestlundvegen 22 D
058/07 B	Administrerande direktør si orientering
059/07 B	Rapporing frå verksemda pr. 30. april
060/07 B	Revidert budsjett 2007 – justert resultatkrav 2007
061/07 B	Førebels inntektsfordeling 2008 og førebels resultatkrav 2008
062/07 B	Sjukepleiefagleg systemansvar i helseføretaka
063/07 B	Legfordeling
064/07 B	Behandlingstilbodet til pasientar i LAR i Rogaland
065/07 B	Val av styremedlemmar i Helse Vest IKT
066/07 B	Nevrokirurgitilbodet i Helse Vest
067/07 B	Regulering av løn til administrerande direktør i Helse Vest RHF
068/07	Eventuelt

Presentasjon av Helse Førde HF ved styreleiar Clara Øberg

Clara Øberg presenterte status og utfordringar i Helse Førde HF.

Helse Førde fokuserar på:

- Å betre dialogen med omverda
- Å gjere ting rettare
- Å skape eit rolegare mediabilete
- Å vere ein organisasjon på rett veg
- Betre dialog og samhandling
- Grundigare prosessar og meir samhandling
- Vidareutvikling av lokalsjukehus/søknad om "lokalsjukehusmidlar"
- Økonomi

Status:

- Helse Førde HF har framleis store økonomiske utfordringar med å nå budsjettkrava i 2007.
- Epikrisetid er på veg opp igjen etter ein nedgang dei siste månadene
- Økonomisk resultat for perioden januar - mai 2007 er på om lag minus 15,2 mill kr
- Årsprognosen er på - 43,5 mill kr
- Prosjektet "raskare tilbake" er i rute med 42 tilviste pasientar
- Pilotprosjekt i Sogn og Fjordane med elektronisk epikrise og tilvising er i rute, og blir slutført i 2007/2008
- Mammografi har 84% oppmøte

Nokon av dei problemstillingane som kompliserar drifta av Helse Førde HF er:

- At Helse Førde er eit lite helseføretak med mange og små sjukehus
- At helseføretaket har høge kostnader til beredskap og pasienttransport
- "Pasientflukt" som følgje av fritt sjukehusval

055/07 B Godkjenning av innkalling og dagsorden

Kommentarar:

Styreleiar orienterte om at nevrokirurgitilbodet i Helse Vest blir handsama som sak 066/07 B
Styreleiar orienterte og om at regulering av løn for administrerende direktør i Helse Vest blir handsama som sak 067/07 B.

Administrerende direktør si orientering er utvida med 3 nye punkt:

- Pkt 9 – Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 31. mai 2007
- Pkt 10 – Snorkeoperasjonar
- Pkt 11 – Styreansvarsforsikring

Ingen saker vart meldt til eventuelt.

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

056/07 B Godkjenning av protokoll frå styremøte 23. mai 2007

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 23. mai 2007.

057/07 B Godkjenning av protokoll frå ekstraordinært styremøte 29. mai 2007

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 29. mai 2007.

046/07 B Oppretting av konsernhovudverneombod

Kommentarar:

Systemet for HMS skal vere føretaka sin viktigaste reiskap for å skape ein trygg og sikker arbeidsplass. Systemet skal vere eit hjelpemiddel for å møte dei ulike utfordringane innan HMS området som føretaka står overfor, og som mellom anna er påpeikt i Arbeidstilsynet sin kampanje "God Vakt" i 2005/2006.

Arbeidstilsynet anbefaler i rapporten sin ei ordning med regionalt hovudverneombod.

Det er allerede etablert eit godt samarbeid mellom vernetenesta og Helse Vest RHF.

Å opprette eit konsernhovudverneombod i Helse Vest vil vere eit viktig bidrag for å styrke det systematiske HMS-arbeidet i heile føretaksgruppa Helse Vest.

Ved å opprette eit konsernhovudverneombod kan RHFet, i tillegg til å vere ein tydeleg bestillar når det gjeld arbeidsmiljøet, i større grad legge til rette for erfaringsutveksling mellom føretaka.

Helse Vest kan saman med eit regionalt hovudverneombod vidareutvikle vernetenesta slik at ein også på dette området understøtter områda som er påpeika i Helse 2020. Vernetenesta har ofte andre tilnærmingar og syn enn det som følgjer av rolla som tillitsvalde. Det er difor viktig at også desse perspektiva blir tekne omsyn til i ulike prosjekt og utviklinga av føretaksgruppa og dei strategiar og mål som er sett i Helse 2020.

Vedtak (samrøystes):

Det blir oppretta eit konsernhovudverneombod for Helse Vest i 100 % stilling frå januar 2008.

048/07 B Sosial- og helsedirektoratet sitt årlege brev til dei regionale helseføretaka 2007 (IS-2-2007)

Kommentarar:

Helse Vest RHF har den 2. april 2007 motteke Sosial- og helsedirektoratet sitt årlege brev til dei regionale helseføretaka for 2007.

Helse- og omsorgsdepartementet ber i tildelingsbrev direktoratet bidra til å handtere sentrale innsatsområde innan spesialisthelsetenesta. Løysing av oppgåvene krev også samarbeid med dei regionale helseføretaka.

Sosial- og helsedirektoratet har samanfatta dette i eit årleg brev til dei regionale helseføretaka. I brevet er det gitt ei oversikt over og gjort greie for kva område Sosial- og helsedirektorat vil søke samarbeid på i 2007.

Styret beklaga at årleg brev frå Sosial- og helsedirektoratet kjem så langt ut i året og ikkje er samordna med andre styringskrav. Styret vil følgje dette opp i høve til Helse- og omsorgsdepartementet.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok Sosial- og helsedirektoratet sitt årlege brev til dei regionale helseføretaka, IS-2-2007, til orientering.

050/07 B Helse Bergen HF - sal av egedomen Vestlundvegen 22 D

Kommentarar:

Styret i Helse Bergen HF gjorde i styremøte 29. mars 2007 følgjande samrøysta vedtak i sak 26/07 B – Sal av Vestlundveien 22d:

1. *Styret stiller seg positiv til at egedomen Vestlundveien 22D vert lagt ut for sal med atterhald om at Helse Vest RHF godkjenner salet. Det er ein føresetnad for sal no at ein oppnår ein akseptabel avtale om attendeleige av egedomen inntil ein har tenlege erstatningslokale for habiliteringsverksemda på Haukelandsområdet, venteleg i løpet av 2009.*
2. *Saka vert sendt over til Helse Vest for vidare handsaming/godkjenning.*

Saka må sjåast i samanheng med den gjennomgong som blei gjort i Helse Bergen i 2006, med tanke på kva egedomar som er aktuelle for sal, jf. sak 55/06 B.

Etter helseføretakslova § 31 skal sal av fast egedom avgjerast av føretaksmøtet i det einskilde helseføretaket, etter forslag frå styret. Før føretaksmøtet i Helse Bergen HF kan vedta sal av egedomen i denne saka, må saka på grunn av egedomen sin verdi (over NOK 10 mill) først leggjast fram for føretaksmøte i Helse Vest RHF, jf. helseføretakslova § 31 og vedtektene § 11.

Med bakgrunn i den utgreiing som er gitt i styresak 26/07 B (Helse Bergen HF) står sal av egedomen Vestlundveien 22d fram som ei fornuftig løysing. Sal av egedomen vil vere i samsvar med dei føringar som er lagt i helseføretaket sin arealplan samtidig som det vil vere eit tenleg tiltak med tanke på resultatkravet for inneverande år.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret i Helse Vest RHF oversender spørsmålet om sal av egedomen Vestlundveien 22d til føretaksmøtet for Helse Vest RHF med førespurnad om samtykke til sal, jf. helseføretakslova § 31.
2. Det blir gjennomført føretaksmøte i Helse Bergen HF for formelt å vedta sal under føresetnad av at eigar på føretaksmøte i Helse Vest RHF gir sitt samtykke.

058/07 O Administrerende direktør si orientering

Ope del:

1. Oppfølging av regional kreftplan – mandat for 3 arbeidsgrupper

Det blir vist til oppslag i media og spørsmål frå styremedlem Ellen Solheim vedrørende funksjonsfordeling innan kreftbehandling.

Regional kreftplan vart vedtatt av styret for Helse Vest RHF 15.03.05, jf sak 30/05 B.

Styret vedtok planen med den funksjonsfordelinga mellom sjukehusa som gjekk fram av planutkastet. På tre område var det behov for ei nærare avklaring. Styret fatta her følgjande vedtak: (jf pkt 3 i styrevedtaket)

Funksjonsdeling på desse områda skal avklarast i samarbeid med fagmiljøa, og leggjast fram som eiga styresak i 2005 :

- Kirurgi på små volum i det øvre mage- og tarmområdet (til dømes kreft i lever og bukspyttkjertel)
- Hodgkins lymfom (kreft i lymfeknutane)
- Indikasjon og arbeidsdeling ved radikale inngrep med kurativt føremål i prostata og urinblæra

Av ulike grunnar blei arbeidsgruppene først nedsett i 2006.

Alle arbeidsgruppene leverte sine rapportar i 2006. I dei to arbeidsgruppene som såg på funksjonsfordeling innan høvesvis kirurgi i øvre mage- og tarmområdet og Hodgkins lymfom var dei samde om at dagens funksjonsfordeling bør oppretthaldast.

I gruppa som såg på funksjonsfordeling innan urologi (indikasjon og arbeidsdeling ved radikale inngrep med kurativt føremål i prostata og urinblæra) var det uenigheit mellom medlemmene i gruppa.

Administrerende direktør vil leggja fram eiga sak om funksjonsfordeling på desse områda for styret i tråd med tidligare styrevedtak.

Ellen Solheim ønskte å få framlagt ein oversikt over alle prosjekt, utgreiingar mv (nasjonale og regionale), som Helse Vest er involverte i, med mandat og oversikt over kven som har vore initiativtakar til arbeidet.

Dei øvrige styremedlemmane ønskte ikkje at RHF-administrasjonen skulle bruke tid på dette, men viste til tidlegare styresaker og Oppdragsdokument med prosjektoversikt.

Styret kan til ein kvar tid bli oppdaterte på ulike prosjekt/utgreiingar ved å kontakte administrasjonen.

Sak om funksjonsfordeling på desse 3 områda innan kreftbehandling vil bli lagt fram for styret i tråd med tidligare styrevedtak i oktober/november 2007.

2. Orientering om Ressurssenter om vold, traumatisk stress og sjølvmoedsførebygging – Region Vest

Helse- og omsorgsdepartementet gav i brev av 26. mai 2005 Sosial- og helsedirektoratet i oppgåve å etablere regionale ressursentra for sjølvmoedsførebygging, vald og traumatisk stress, samt oppfølginga av disse.

Etableringa av dei regionale ressursentra innebar ei samorganisering og samlokalisering av tidlegare psykososialt team for flyktningar og dei nasjonalt finansierte prosjekta - tiltak mot sjølvmoed og støtte til seksuelt misbrukte barn.

Det regionale ressursenteret i Helseregion Vest blei lagt til Helse Bergen HF som ei eining under psykosomatisk avdeling.

Senteret fekk for 2007 tilsegn frå Sosial- og helsedirektoratet om eit tilskot på til saman kr.

11 711 000,- til drift. Av disse er kr. 500 000 øyremærka arbeid retta mot

kjønnslemlesting/menneskehandel, og det vert i disse dagar tilsett ein medarbeidar i 20 % engasjement for å følgje opp og koordinere dette arbeidet ut året.

3. Forliksklage – Krav om betaling for laboratorietenester – mekling i forliksrådet

Administrasjonen viste til utsendt notat

4. Riksrevisjonen si undersøking av tilbodet til born og unge med psykiske problem

Riksrevisjonen har gjennomført ein forvaltningsrevisjon av tilbodet til born og unge med psykiske problem. Målet med ein forvaltningsrevisjon er å etterprøve korleis offentlege tiltak er sett i verk og å sjå på kva verknader tiltaka har hatt. Utgangspunktet for ein slik revisjon er Stortinget sine vedtak og føresetnader.

Ein forvaltningsrevisjon fordjupar seg i problemstillingar innanfor eit avgrensa område. Resultata av forvaltningsrevisjonen blir rapportert til Stortinget i den såkalla *Dokument nr. 3-serien*, som blir sendt Stortinget etter kvart som sakene er ferdig utgreia.

Riksrevisjonen si undersøking av tilbodet til born og unge med psykiske problem blei overlevert Stortinget den 10. mai 2007, jf. Dokument nr. 3:7 (2006-2007).

Målet med undersøkinga har vore å få utgreidd i kva grad born og unge under 18 år med psykiske problem får eit tilfredsstillande tilbod frå kommunane og poliklinikkane, om samarbeidet mellom tenesteytarane fungerer godt og om kvaliteten i resultatrapporteringa er tilfredsstillande.

Styret ba administrerende direktør sjå til at helseføretaka legg Riksrevisjonen si undersøking til grunn for det vidare arbeidet med å betre tilbodet til barn og unge med psykiske problem.

5. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrasjonen viste til utsendt notat

6. Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker

Administrasjonen viste til utsendt notat

7. Oversikt over høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat

9. Protokoll frå føretaksmøte Helse Vest RHF 31. mai 2007

Protokoll frå føretaksmøte 31. mai var delt ut i møte.

Styret vil anmode HOD om å sende ut protokoll frå RHF-føretaksmøte til dei som får innkalling til møte.

10. Snorkeoperasjonar

Forslag til brev til Helse Stavanger HF var delt ut i møte. Helse Stavanger HF går aktivt ut for å rekruttere pasientar til snorkeoperasjonar. Styret var spørjande til auka satsing i Stavanger samstundes med at tilbodet på Voss blir bygd ned. Kunnskapsgrunnlaget for snorkeoperasjonar viser at operasjonane har liten eller ingen effekt, og styret viste til at satsinga i Stavanger ikkje er i tråd med prioriteringsforskrifta.

Styret var samde om at framlagt forslag til brev blir sendt til Helse Stavanger HF, med kopi til dei andre HFa.

Det var og semje om å gå igjennom avtaler med avtalespesialistar på nytt for å avvikle kjøp av denne type operasjonar.

11. Styreansvarsforsikring

Saksførelegg frå sak 51/07 frå AD-RHF-møte om styreansvarsforsikring var delt ut i møte.

Styret var samde om at det ikkje er behov for å teikne styreansvarsforsikring.

Lukka del:
U. Off. Ofi. § 6.2

8. Kjøp av opptrening- og rehabiliteringstenester 2007 – rammer for nye avtaler

I styremøtet 23. mai blei det bedt om ei orientering om status for kjøp av opptrenings- og rehabiliteringstenester for 2007.

I anbudskonkurransen om kjøp av opptrenings/rehabiliteringstenester fekk Helse Vest RHF tilbud frå alle dei noverande leverandørane. Dette er Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter i Fjaler, Krokeidesenteret, med avdelingar på Nærland og på Krokeide, Åstveit Helsecenter i Bergen, Ravneberghaugen Opptreningssenter i Os og Hagahaugen Rehabiliteringssenter på Voss.

Dei nye avtalane skal vare eitt år, med opsjon på forlenging med eitt pluss eitt år. Styret slutta seg til dei rammer for nye avtaler om kjøp av opptrenings- og rehabiliteringstenester for 2007 som gjekk fram av utsendt notat.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok meldingane til orientering

Styret ba administrasjonen sjå til at følgjande vert følgt opp:

2. Styret føreset at Riksrevisjonen si undersøking vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med å betre tilbudet til barn og unge med psykiske problem (etter forslag frå Gisle Handeland)
3. Styret vil anmode om at dei som får tilsendt innkalling til føretaksmøte i Helse Vest RHF og får tilsendt protokoll frå møte (etter forslag frå Aslaug Husa)

059/07 B Rapportering frå verksemda pr. 30. april 2007

Kommentarar:

Rapporteringa er utarbeidd med basis i informasjon pr 30. april 2007. Tal for mai vart presenterte i møte.

Kvalitet:

Mengda epikrisar som er sende innan 7 dagar gjekk ned med heile 7 % samanlikna med mars 2007, og ligg no på 57 %. Nedgangen har funne stad innan alle dei fire helseføretaka. Når det gjeld ventetidene innanfor somatikk så har Norsk pasientregister hatt store problem med å publisere tal for 1. tertial 2007. Tala skulle ha vore tilgjengeleg rundt den 20. mai, men dei er enno ikkje publiserte.

Aktivitet:

Aktivitetstala for perioden januar til april viser at aktiviteten målt i sjukehusopphald er 2,0 % lågare enn den var i same periode i 2006.

Utviklinga målt i DRG-poeng viser ein vekst på 1,0 %, mot 1,1 % i førre månad.

Økonomi (Maital):

	Faktisk	Budsjett	Budsjettavvik
Apotekene Vest	-1	-961	960
Helse Bergen	-127,933	-127,087	-847
Helse Fonna	-15,550	-17,698	2,148
Helse Førde	-58,152	-42,891	-15,261

Helse Stavanger	-111,634	-66,289	-45,345
Kjøp av helsetjenester	-756	-10,004	9,249
Helse Vest (Mor)	-1,196	-1,312	115
Helse Vest IKT	-1,356	-1,765	409
Sum	-316,578	-268,007	-48,571

	Årsprognose: A	Årsbudsjett: B	Avvik: = A-B
Apotekene Vest	2,043	4,387	-2,344
Helse Bergen	-153,000	-153,000	-0
Helse Fonna	-20,100	-38,000	17,896
Helse Førde	-81,500	-38,000	-43,500
Helse Stavanger	-134,100	-51,000	-83,100
Helse Vest (Mor)	0	-0	0
Kjøp av helsetjenester	-24,000	-24,000	0
Helse Vest IKT	233	233	0
Sum	-410,424	-299,380	-111,048

Medarbeidarar:

Det samla sjukefråværet er ved utgangen av april 7,3 %. Det legemelde sjukefråværet er 6,5 % ved utgangen av april 2007. Ein ser at sjukefråværet generelt går ned.

Tal einingar med lågare sjukefråvæ enn 4,5 % er ved utgangen av april 43 %. Det er ein betring frå 37,3 % i mars 2007. Tal einingar med meir enn 4,5 % sjukefråvæ har samstundes gått ned frå 62,7 % i mars til 57 % til utgangen av april 2007.

Talet på tilsette har auka med 1246 frå mars til april 2007. Det er særleg i Bergen og Stavanger det har skjedd ei auke. Årsaka til auke i tal tilsette kan være at helseføretaka har lagt inn tilsette som har slutta, men som fekk etterbetaling for pensjonsforliket med LO/NSF. Etterbetalinga påverkar ikkje netto månadsverk.

Tal netto månadsverk for heile føretaksgruppa var ved utgangen av april 16.419. Det er ein reduksjon på 58 netto månadsverk frå mars 2007, og ein nedgang frå same månad i 2006 på 49 netto månadsverk.

Styret var uroa over utviklinga i Helse Stavanger HF i høve til økonomi, korridorpatientar, epikrisetid, ventetid og behandlingsskapasitet innan barne- og ungdomspsykiatri og bruk av pasienthotellet. Styret presiserte at vedtakspunkt frå styremøte 23. mai står ved lag:

"Styret i Helse Vest ber styret Helse Stavanger ta grep rundt den økonomiske utviklinga i føretaket. Styret i Helse Vest ber og om at styret i Helse Stavanger innan 18. juni melder tilbake korleis føretaket skal lukke det økonomiske avviket og sikre eit årsresultat i tråd med budsjett for 2007."

Styret ønskte å få lagt fram ei sak om drift av pasienthotell i helseføretaka. Saka må mellom anna vise kva for pasientgrupper som pasienthotella skal vere eit tilbod for, ulike modellar og eigarstruktur for pasienthotell.

Omdømmemålingar blir lagt inn som ein del av rapporteringa til styret frå september/oktober 2007. Det er inngått ein avtale med MMI om månadlege målingar.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok verksemdsrapport pr. 30. april 2007 til orientering
2. Styret ber helseføretaka intensivere arbeidet med å redusere epikrisetid.

060/07 B Revidert budsjett 2007 – justert resultatkrav 2007

Kommentarar:

Under sak 005/07 B Konsernbudsjett 2007 fordelte styret i Helse Vest den endelege inntektsramma for 2007 til helseføretaka. I inntektsfordelinga var forslag til ekstraløyving på kr 100 mill innarbeida og fordelt til HFa og private ideelle. Det var i saka tatt atterhald for Stortinget sin godkjenning. I tilleggskdokument etter Stortingets behandling av St. prp. 44 (2006-2007) er det vedtatt ei ekstraløyving på totalt kr 108,6 mill. Det auka beløpet på kr 8,6 mill skal rettast inn mot tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelmisbruk.

Administrerende direktør legg fram forslag om justering av resultatkrav for 2007 for Helse Stavanger HF og Helse Førde HF, samt omdisponeringar i RHF budsjettet og omfordeling av lånemidlar gitt til Apoteka Vest i 2005.

Dette gjev følgjande justering av resultatkrav:

Resultatkrav	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	Apoteka Vest	Helse Vest IKT	SUM
Opphøvelg resultatkrav	-51 000	-38 000	-153 000	-38 000	-24 000	4 387	233	-299 380
Endring resultatkrav	-9 000			-8 000	17 000			0
Nytt resultatkrav	-60 000	-38 000	-153 000	-46 000	-7 000	4 387	233	-299 380

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok orientering om revidert nasjonalbudsjett til etterretning.
2. Styret slutta seg til forslag om omdisponering av budsjettmidlar som følgjer:

Inntektsfordelig 2007	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
SUM inntektsramme (sak 005/07 B)	3 074 709	1 790 419	4 903 378	1 504 844	2 204 252	13 477 601
Uttrekk Jæren DPS til Sola DPS	7 899				-7 899	0
Ekstraløyving - tverrfaglete spesialisert behandling for rusmiddelmisbruk					8 600	8 600
Auka kapitaltilskot private ideelle					2 000	2 000
Reduksjon budsjettpost "kjøp av helsetenester"					-2 000	-2 000
Reduksjon av reserve					-17 000	-17 000
Auka resultat i RHF'et					17 000	17 000
Sum endringar	7 899	0	0	0	701	8 600
Sum oppdatert inntektsramme 2007	3 082 608	1 790 419	4 903 378	1 504 844	2 204 953	13 486 201

3. Nytt resultatkravet for 2007 blir som følgjer:

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	Apoteka Vest	Helse Vest IKT	SUM
Resultatkrav	-60 000	-38 000	-153 000	-46 000	-7 000	4 387	233	-299 380

4. Styret slutta seg til forslag om å omdisponere låneramma frå Apoteka Vest til prosjektet nytt lab bygg i Helse Bergen med totalt kr 8,420 mill. Beløpet reduserer lånebehovet i 2008 tilsvarende.

061/07 B Førebels inntektsfordeling 2008 og førebels resultatkrav 2008

Kommentarar:

Som ledd i ein budsjett- og omstillingsprosess ser administrerande direktør det som viktig og nødvendig å klarlegge dei økonomiske rammene og resultatkravet for det enkelte helseføretak på eit tidlegast mogleg tidspunkt. Det er viktig at helseføretaka har eit realistisk og føreseieleg bilete av inntektsramma med tanke på at ein skal tilpasse kostnadsramma og tiltak i forhold til resultatkravet som eigar stiller.

Det vil samtidig være usikkerheit rundt førebels inntektsramme, då ein ikkje får fanga opp forhold som blir lagt fram i statsbudsjettet for 2008. Dette gjeld mellom anna føresetnad om aktivitet, økonomi og finansielle forhold. Det blir difor lagt fram ei endeleg inntektsramme i novembermøtet der forhold frå statsbudsjettet blir innarbeida. I tillegg vil oppdaterte kriterieverdiar i inntektsmodell og bli innarbeida i endeleg inntektsramme.

Det er heilt nødvendig at helseføretaka har full fokus på gjennomføring av omstillingstiltaka som er vedtatt for 2007. Dersom det er tiltak som ikkje lar seg gjennomføre eller er tiltak som ikkje gjer tilstrekkeleg effekt må det settast inn ytterlegare tiltak.

Manglande resultat og tiltaksoppgjoring i 2007 gjer eit tilsvarande auka krav om effektivisering i 2008.

Vedtak (samrøystes):

1. Fordeling av førebels inntektsramme blir som følgjer:

Inntektsfordeling 2008 - innanfor inntektsmodell	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Innsatsstyrt finansiering	739 440	392 515	1 199 155	300 659		2 631 768
ISF pasienter behandla i andre regionar	59 603	12 166	34 042	15 705		121 516
ISF pasienter behandla for andre regionar	-19 255	-2 458	-46 395	-7 519		-75 628
SUM ISF	779 787	402 223	1 186 801	308 844		2 677 656
Inntektsramme Helse Vest RHF					2 283 933	2 283 933
Basis somatikk	706 020	372 050	672 905	285 872		2 036 847
Basis somatikk fordelt etter produksjon	373 431	205 645	646 330	148 835		1 374 241
Korreksjonslinje interne gjestepasienter	-13 965	-11 714	-108 597	-6 321		(140 598)
Kostnadskomponent, somatikk	168 112	91 489	575 409	78 710		913 719
Basis psykiatri	556 880	360 591	662 244	252 443		1 832 158
Gjestepasienter rus	20 023	11 191	27 637	7 248		66 099
Kostnadskomponent, psykiatri	-	-	31 677	-		31 677
Ambulanse	65 347	74 433	164 089	99 018		402 887
Stukturtilskot	-	26 150	23 391	33 325		82 865
Skjønnstilskudd Helse Førde	-	-	-	20 760		20 760
Langliggare	9 000	-	-	-		9 000
Tilskudd til landsfunksjonar	-	-	33 861	-		33 861
Internt gjestepasientoppgjør	-39 190	-90 142	190 345	-61 013		0
Fordelt kapitaltilskot	200 657	112 510	322 615	82 031		717 812
Sum fordelt etter modell	2 826 101	1 554 426	4 428 706	1 249 752	2 283 933	12 342 918
Midlar til dekning av ekstern gj.pas.oppgj. Fordelt etter faktisk kostnad *)	21 034	6 156	-10 439	5 669		22 420
Midlar til dekning av ekstern gj.pas.oppgj. Fordelt etter somatikkmodell	6 594	3 989	9 219	2 617		22 420
Fordeling av midlar til dekning av 20 % kostnad gjestepasientar	28 423	63 237	11 798	37 139		140 598
Reduksjon omfordeling i ramme internt gjestepasientoppgjør	19 158	43 971	-92 269	29 140		-
Endring organisering	-15 300	0	-5 400	1 700		-19 000
Sum fordelt etter modell inkl. ekstern gj.pas.oppgjør - inntektsramme fra Helse Vest til HF	2 886 009	1 671 779	4 341 616	1 326 018	2 283 933	12 509 355

Inntektsfordeling 2008 - Utanfor inntektsmodell	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Tilskudd i basisramme						-
Halvering lab/røntgen satsar	44 299	15 564	79 373	14 052		153 289
Kreftplan	7 663	1 171	10 129	2 780		21 743
Kompensasjon for arbeidsgiveravgift	-	5 828	403	15 879		22 109
Kompensasjon for el-avgift	5 257	5 656	11 367	3 049		25 329
Internt lab/røntgenoppgjør	-4 702	-5 869	14 724	-4 154		-
Rusomsorg	1 434	15 141	16 404	566		33 545
Gjeste plassar rusområde - fordelt i modellen	-	-	-	-		-
TNF hemmar	21 999	793	77 690	22 395		122 877
Pensjonskostnad - inngår no i resultatkravet	53 438	28 371	88 233	23 172		193 214
Styrking av inntektsramma fordelt etter nøkkel for kapitaltilskot	30 102	18 684	42 558	12 456		103 800
Ekstråløyving (atterhald om stortingets godkjenning)	28 391	17 173	39 704	11 266		96 534
Særskilte tildelinger	-	-	-	-		-
"Mor og Barn" prosjekt	459	-	-	-		459
Øremerket tilskudd	-	-	-	-		-
Opptappingsplan psykiatri 2004	4 506	2 692	5 335	2 974		15 507
Opptappingsplan psykiatri 2005	11 545	9 885	18 853	9 861		50 144
Opptappingsplan psykiatri 2006	18 532	9 374	24 781	8 081		60 768
Opptappingsplan psykiatri 2007	18 995	10 380	20 760	6 747		56 882
Tilskot til utdanning	11 596	5 802	99 639	4 393		121 429
Kompetansesentre:						
Regionale kompetansesentre	1 897	-	28 455	-		30 351
Nasjonale med. komp. Sentre	1 146	-	27 959	-		29 105
Syke transport	54 944	51 293	104 478	103 669		314 385
Tilstedevakt - beredskap Solabasen	3 992	-	-	-		3 992
Tilskot til arbeid med vald og traumatisk stress	336	188	466	121		1 112
Insulinpumper	2 810	1 657	4 931	896		10 294
Dyrare legemiddel	909	500	1 566	386		3 361
Lassatjern behandlingsheim overf. frå RHF	5 255	0	-	0		5 255
Uttrekk frå Jæren DPS - overført Sola DPS (fordeles i systemet)	-	-	-	-		0
Utanlandsbehandlingar - overf. frå RHF	-	-	10 451	-		10 451
SUM tildelt inntektsramme 2007 frå RHF	3 210 813	1 866 062	5 069 876	1 564 608	2 283 933	13 995 292
Endring av inntektsramma til HF'a som følgje av gjesteapsientoppgjør:						
Kostnad eksternt gj.pas.oppgjør	-116 120	-28 956	-62 380	-37 344		-244 800
Fakturering av gjestepasienter andre regioner	31 985	4 333	104 137	14 666		155 121
Inntekt 40 % fakturering til andre HF i regionen (interne DRG poeng inn i 2007 * 20 % * DRG pris)	27 930	23 429	217 194	12 643		281 195
Kostnad 40 % fakturering fra andre HF i regionen	-56 845	-126 474	-23 597	-74 279		(281 195)
Kostnad rus gjestepasienter	-24 523	-3 635	-25 051	-12 889		-66 099
Kostnad kjøp av kurdøgnplassar	-5 059	-3 033	-7 107	-2 041		-17 239
SUM inntektsramme i HF'a	3 068 181	1 731 725	5 273 072	1 465 365	2 283 933	13 822 276

2. Førebels resultatkrav for 2008 blir satt som følgjer:

	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	HV IKT	RHF	SUM
Resultatkrav 2008	-58 600	-36 400	-133 000	-38 600	0	0	0	-266 600

3. Helseføretaka blir bedne om å nytte rammebudsjettering som teknikk for budsjett 2008. Budsjettet skal byggja på inntektsføresetnader og resultatkrav som følgjer av denne saka. Dei økonomiske rammene må fordelast ned til lågaste nivå i organisasjonen og føresetnadane for rammebudsjettering må klargjerast i alle ledd i føretaket slik at kostnadane blir tilpassast inntektsramma.

062/07 B Sjukepleiefagleg systemansvar i helseføretaka

Kommentarar:

Helseføretaka har eit sjølvstendig ansvar for at verksemda drives i samsvar med dei lover og forskrifter som gjeld for verksemda. Helseføretaka har eit overordna systemansvar for at dei forskjellige pliktene blir ivarettatt.

Det er særleg to område som er relevant i samanheng med systemansvar. Det er *krav til forsvarleg verksemd* og *plikt til internkontroll*.

Sjukepleiefagleg systemansvar er noko ulikt organisert i helseføretaka. Det mest vanlege er linjeansvar, men det er også gitt døme på at ansvaret er organisert i stabsfunksjon. Det går fram av dei tilbakemeldingane vi har fått at systemansvaret er gjennomgått og at ansvaret er kjent i organisasjonane.

Helse Vest RHF ser det som svært føremålsteineleg at helseføretaka har klare ansvarsliner. I styringsdokumentet til helseføretaka er det gjort greie for krav og forventningar Helse Vest RHF har til helseføretaka. Helseføretaka skal ha fokus på internkontroll og aktiv bruk av kvalitetsutval og tilsynsrapportar.

Styret viste til Styringsdokument 2007 til helseføretaka, og at styra i HFa skal realitetsbehandle korleis det sjukepleiefaglege systemansvaret skal vere organisert i helseføretaka.

Styret la og vekt på at organisering, fullmaktsstruktur og bruk av titlar bør vere samordna i helseføretaka. Dette blir det mellom anna fokusert på i MOT-prosjektet.

Vedtak (samrøystes):

Saka vart teken til orientering.

063/07 B Legefordeling

Kommentarar:

Styret i Helse Vest RHF behandla i møte den 23.05.2007 som sak 07/48; Legefordeling - Helse Stavanger HF. Styret gjorde følgjande vedtak:

1. *For 2007 blir helseføretaka tildelt legestillingar som etter tidligare fordelingsnøkkel.*
2. *Styret ber administrasjonen komme tilbake med ein oversikt over dei historiske tildelingane (sidan år 2002) og ei vurdering av om det har føregått ei skeivdeling. Ut i frå dette vil styret beslutte dei vidare føringane for tildeling slik at avviket (i Helse Stavanger) kan lukkast innan rimeleg tid.*

I denne saka ligg det føre fordeling av legestillingar for 2007 med dei føringane som er gitt av styret i Helse Vest RHF. Det blir og gitt ei oversikt over tildelingane i perioden 2002-2007 i tal og prosent.

Saka omhandlar også eit innmeldt tilleggsbehov for nye legestillingar i opptrappingsplanen for barne- og ungdomspsykiatri for å oppnå krav om ein dekningsgrad på 5 % innan utgangen av 2008, jf. Styresak 027/07 B i Helse Stavanger HF.

Fordeling av årets kvote

	Helse Førde	Helse Bergen	Helse Fonna	Helse Stavanger	Private ideelle	SUM
Spesialiststillinger (overlege/avtalespesialist)	3	8	3	5	1	20
Utdanningsstillinger	2	7	2	7	2	20
Utdanningsstillinger i geriatri				1	1	2
"Åpne" stillingar til rus, rehabilitering og habilitering, samt psykiatri og geriatri	1	2	1	0	1	5
SUM	6	17	6	13	5	47

10 av stillingane (7 utdanningsstillinger, 3 overlegestillingar) til Helse Stavanger HF må gå til å redusere avvik mellom tildelte og faktiske stillingar (innfasing av "grå" stillingar).
3 av stillingane (2 overlegestillingar, 1 utdanningsstilling) blir avsett og øyremerka opptrappingsplanen for barne- og ungdomspsykiatri.

Vedtak (samrøystes):

1. Fordeling av legestillingar for 2007 blir tatt til etterretning.
2. Stillingane til Helse Stavanger HF er øyremerka med 10 stillingar til dekning av grå stillingar og 3 til barne- og ungdomspsykiatri.
3. Styret i Helse Stavanger HF må vurdere behovet for nye stillingar innan barne- og ungdomspsykiatri og foreta nødvendige prioriteringar i høve til dei uheimla stillingane.

064/07 B Behandlingstilbudet til pasientar i LAR i Rogaland

Kommentarar:

Til styremøte 14. februar 2007 blei det lagt fram eit notat om legemiddelassistert rehabilitering ved LAR-Rogaland under administrerande direktør si orientering. Notatet hadde si bakgrunn mellom anna i omtale og kritikk som vart retta mot Frelsesarmeen og LAR-Rogaland i media. Styret bad i den samanheng om å få lagt fram ei ny sak som skulle belyse følgjande:

- Organisering av tilbudet - kan/bør LAR-behandling leggjast til sjukehusa?
- Integrasjon mellom fagfelte - samarbeid psykiatri/rus/somatikk
- Læring og meistring og brukarmedverknad for rusmiddelavhengige
- Vurdere erfaringane frå Helse Midt med eige HF for rusomsorg

Det blir i denne saka lagt mest vekt på framtidig organisering av legemiddelassisterte rehabilitering (LAR) i Rogaland. Det blir skissert alternative løysingar for å laga eit betre og meir heilskapleg tilbod til pasientar i LAR.

Begge alternativa, styrking av Frelsesarmeen eller større ansvar for helseføretaka, vil rette opp dei svakheitane som Helsetilsynet i Rogaland har påpeika etter sitt tilsyn med LAR-Rogaland.

Fordelen med å styrke Frelsesarmeen, er at dei gjennom mange år har bygd opp ein spisskompetanse på pasientar i LAR.

Ei eventuell etablering av ei avrusingseining ved Frelsesarmeen vil raskt kunne betre avrusingskapasiteten betydeleg og gje eit meir heilskapleg og fleksibelt tilbod til pasientane.

Sjølv om helseføretaka i dag ikkje har erfaring med legemiddelassistert rehabilitering er det fleire høve som talar for at det også kan vere ei god løysing. Det vil gi ei tettare integrasjon mot dei andre spesialisthelsetenestene og anna tverrfagleg spesialisert rusbehandling i føretaka. Det er også grunn til å anta at ei slik løysing vil vere mindre sårbar når det gjeld personell og helsefagleg kompetanse.

Sosial- og helsedirektoratet utarbeider nye retningslinjer for LAR. Dei skulle ha trått i kraft frå 01.01.08, men er no forsinka og vil truleg først kome eit stykkje ut i 2008.

På denne bakgrunn bør avtalene om LAR med Frelsesarmeen og Stiftelsen Bergensklinikkane forlengast fram til 31.12.08, og Frelsesarmeen styrkast med legeressurs.

Det blir tilrådd at Frelsesarmeen blir styrka med inntil 1,5 mill. kr pr år til vurderingsarbeidet og auking av legeressursen. Beløpet blir dekkja av Helse Vest RHF sin del av ekstra midlar til rusbehandling i samband med St.prp.nr.44 , samla ca 8 mill. kr, jf sak om revidert budsjett 2007 sak 60/07.

Ellen Solheim sitt forslag til vedtak:

1. Det blir gjennomført ei nærare utgreiing i samarbeid med Helse Stavanger og Helse Fonna om spesialisthelsetenesta sine oppgåver knytt til legemiddelassistert rehabilitering bør overtakast av føretaka. Ei overføring bør eventuelt skje frå 01.01.11.
2. I avtalen med Stiftelsen Bergensklinikkene er det satt følgjande vilkår:

"Avtale forlenges med virkning fra 1.1.2008 til og med 31.12.2010. Dersom Helse Vest RHF i løpet av nevnte periode vedtar å etablere et senter for legemiddelassistert rehabilitering i Helse Fonna HF, eventuelt også i Helse Førde HF, skal pasienter hjemmehørende i disse foretaksområdene overføres til de nye sentrene. Det skal da foretas et uttrekk i vederlaget til Stiftelsen Bergensklinikkene tilsvarende kostnadene som er knyttet til pasientene i disse foretaksområdene. Uttrekket gjøres fra det tidspunktet ansvaret overføres." (Art. 5.3)
3. Det blir ført forhandlingar med Frelsesarmeen om LAR med sikte på at:
 - Avtalen vert forlenga til 31.12.10. Frelsesarmeen vert styrka med legeressurs for same tidsrom.
 - Frelsesarmeen vert peika ut som vurderingseining fram til helseføretaka tek imot tilvisingar til LAR. Frelsesarmeen vert samstundes styrka med ressurs for vurderingsarbeid i same tidsrom.
4. Berekna årleg utgift til ekstra legeressurs og styrking av vurderingsarbeidet ved Frelsesarmeen på inntil 1,5 mill. kr blir dekkja av Helse Vest sin del av ekstra midlar til rusbehandling i samband med St.prp.nr 44 (2006-2007).

Vedtak (mot ein stemme – Ellen Solheim):

1. Det blir gjennomført ei nærare utgreiing i samarbeid med Helse Stavanger og Helse Fonna om spesialisthelsetenesta sine oppgåver knytt til legemiddelassistert rehabilitering bør overtakast av føretaka. Ei overføring bør eventuelt skje frå 01.01.09.
2. I avtalen med Stiftelsen Bergensklinikkene blir det satt følgjande vilkår:

"Avtale forlenges med virkning fra 1.1.2008 til og med 31.12.2010. Dersom Helse Vest RHF i løpet av nevnte periode vedtar å etablere et senter for legemiddelassistert rehabilitering i Helse Fonna HF, eventuelt også i Helse Førde HF, skal pasienter hjemmehørende i disse foretaksområdene overføres til de nye sentrene. Det skal da foretas et uttrekk i vederlaget til Stiftelsen Bergensklinikkene tilsvarende kostnadene som er knyttet til pasientene i disse foretaksområdene. Uttrekket gjøres fra det tidspunktet ansvaret overføres." (Art. 5.3)

3. Det blir ført forhandlinger med Frelsesarmeen om LAR med sikte på at:

- Avtalen vert forlenga til 31.12.08. Frelsesarmeen vert styrka med legeressurs for same tidsrom.
- Helse Fonna og Helse Stavanger tek imot tilvisingar til LAR frå 01.01.08. Dei tilsette i LAR-Rogaland blir beden om å bidra med sin spesialkompetanse inn i ei slik eining i helseføretaka etter nærare avtale.
- Frelsesarmeen vert peika ut som vurderingseining fram til helseføretaka tek imot tilvisingar til LAR. Frelsesarmeen vert samstundes styrka med ressurs for vurderingsarbeid i same tidsrom.

4. Berekna årleg utgift til ekstra legeressurs og styrking av vurderingsarbeidet ved Frelsesarmeen på inntil 1,5 mill. kr blir dekkja av Helse Vest sin del av ekstra midlar til rusbehandling i samband med St.prp.nr 44 (2006-2007).

Voting:

Dei framlagte forslaga til vedtak vart stemt over i rekkjefølgje.

Ellen Solheim sitt forslag til vedtak fekk 1 stemme - Ellen Solheim

9 stemte i mot - Oddvard Nilsen, Kari Oftedal Lima, Gisle Handeland, Magnar Lussand, Gunnvor A Sunde, Aslaug Husa, Inger Hamborg, Reidun Korsvoll, Eli Moldeklev

Administrerende direktør sitt forslag til vedtak fekk 9 stemmer - Oddvard Nilsen, Kari Oftedal Lima, Gisle Handeland, Magnar Lussand, Gunnvor A Sunde, Aslaug Husa, Inger Hamborg, Reidun Korsvoll, Eli Moldeklev

1 stemte i mot – Ellen Solheim

065/07 B Val av styremedlemmar i Helse Vest IKT AS

Kommentarar:

Helse Vest IKT vart etablert 01.11.2004. Ved generalforsamling for 2006 vil virketida for styremedlemmane ha vore 2 år. Ved etableringa av Helse Vest IKT vart det bestemt at selskapet skulle ha 5 eigaroppnemnde styremedlemmar: to frå Helse Vest RHF, to frå helseføretaka og ein ekstern.

Erfaringane viser at det er trong for å drøfte talet styremedlemmar frå helseføretaka. I lys av Helse Vest IKT sin funksjon som felles tenestesenter for helseføretaksgruppa, har det vist seg at det er viktig med brei representasjon av helseføretaka i styret. Styret i Helse Vest IKT AS peika og i si eiga evaluering for 2006 på trongen for auka representasjon av klinisk kompetanse i styret.

Styret var samde om at talet styrerepresentantar i Helse Vest IKT frå helseføretaka vert endra frå 2 til 4. Dermed kan dei 4 store helseføretaka vere representerte i styret. Ved val av styremedlemmer bør det takast omsyn til klinisk kompetanse og erfaring. Endring i talet på styremedlemmer krev endringar av vedtektene for Helse Vest IKT, jf. forslag til vedtak.

Vedtak (samrøystes):

1. Talet eigaroppnemnde styremedlemmer i Helse Vest IKT AS vert endra frå 5 til 7. Endringa vert gjennomført ved endring i vedtektene.
2. Vedtektene for Helse Vest IKT AS § 5 blir endra til:
"Selskapets styre skal bestå av 10 medlemmer. Sju styremedlemmer velges av selskapets generalforsamling. Generalforsamlingen fastsetter hvem som skal være styrets leder. Tre styremedlemmer med varamedlemmer velges av og blant de ansatte."

066/07 B Nevrokirurgitilbodet i Helse Vest

Kommentarar:

Styreleiar orienterte om møte med Statsråd Sylvia Brustad, og gjorde greie for kontakt mellom styreleiar i Helse Vest RHF og styret i Helse Stavanger HF, samt dialog med styremedlemmer i Helse Vest RHF.

Styret i Helse Stavanger HF har ekstraordinært styremøte 28. juni.

Styret gjekk igjennom vidare handtering av sak om nevrokirurgitilbodet i Helse Vest, og var samde om å be Helse- og omsorgsdepartementet om å gjere ein snarleg gjennomgang av det nevrokirurgiske tilbodet i Helse Vest.

Styret presiserte at det vert avgjerande at Helse Stavanger HF no klarar å fokusere på andre saker enn nevrokirurgi, og ta grep om økonomistyring, korridorpatientar, epikrisetid, aktivitetskontroll og prioritering.

Ellen Solheim sitt forslag til vedtak:

1. Styret legger til grunn at det finnes to ekspertutvalg som har arbeidet ut fra samme mandat, vedtatt av Helse Vests styre, og har notert seg at ekspertene i begge utvalgene er enstemmige i sine uttalelser. Rapportene fra utvalgene viser stor enighet blant samtlige eksperter på mange viktige punkter. Det er imidlertid stor uenighet om hvorvidt Stavanger Universitetssykehus skal kunne foreta et begrenset antall planlagt hjernesvulstoperasjoner per år, som de gjorde inntil samarbeidsavtalen fra august 2005 satte en stopper for dette.
2. Styret fastslår med dette at Helse Bergen fortsatt skal ha hovedansvaret for nevrokirurgifunksjonen i Helse Vest.
3. Den nevrokirurgiske funksjonen ved Stavanger Universitetssykehus opprettholdes og videreutvikles, men bygges ikke ut til en komplett nevrokirurgisk avdeling.
4. Avdelingen i Stavanger skal ledes av person ansatt ved Stavanger Universitetssykehus. Helse Stavanger overtar rekrutterings- og arbeidsgiveransvaret for de tre nevrokirurgene som Helse Vests styre tidligere har vedtatt skal være i Stavanger.
5. Det åpnes for et begrenset antall planlagte hjernesvulstoperasjoner, ca. 30-35 operasjoner årlig, ved Stavanger Universitetssykehus.
6. Det igangsettes et samarbeid mellom Helse Stavanger og Helse Bergen for å beholde og utvikle nevrokirurger og assistentleger. Utdanningsfunksjonene legges til begge universitetssykehus, slik at det også blir mulig å gjennomføre deler av opplæringen ved Stavanger Universitetssykehus.
7. Det etableres et forskningsnettverk for nevrokirurgi i Helse Vest, med Universitetssykehuset i Bergen som ansvarlig for faglig ledelse av dette.
8. Styret ber administrerende direktør iverksette tiltak som kan bedre samarbeidet mellom nevrokirurgisk avdeling ved Haukeland Universitetssykehus og Stavanger Universitetssykehus.
9. Styret ber administrerende direktør ta initiativ til at det kan gjennomføres benchmarking av nevrokirurgi ved Stavanger Universitetssykehus, Haukeland Universitetssykehus og andre regionale sykehus som har nevrokirurgiske avdelinger, slik at det tjenestene som Helse Vests avdelinger utfører, kan bli målt i forhold til andre.

10. Styret ber administrerende direktør ta initiativ overfor nasjonale myndigheter for å få til en utredning om barnenevrokirurgi, slik at organiseringen av barnenevrokirurgi i Norge kan bli drøftet og avklart.
11. Styret ber administrerende direktør om å ta initiativ overfor nasjonale myndigheter om organisering av funksjonell intracraniell nevrokirurgi (Parkinsonkirurgi og lignende) i Norge. Inntil slik utredning foreligger, ber styret om at denne funksjonen fortsatt blir ivarettatt av Stavanger Universitetssykehus

Styreleiar sitt forslag til vedtak:

1. Styret viser til styreleiar sin munnlege gjennomgang av status for saka og møte med Statsråden, og sluttar seg til at styret i Helse Vest ber Helse- og omsorgsdepartementet gjere ein snarleg gjennomgang av det nevrokirurgiske tilbodet i Helse Vest.
2. Styret held fast ved sitt vedtak av 23.05.2007 (sak 041/07) og vedtak i Føretaksmøte i Helse Stavanger 24.05.2007 med unntak av punkt 2 g i føretaksmøtet. Dette inneber at vedtaket om endringar for Parkinson-kirurgien ikkje trer i kraft før resultatet av den vurderinga HOD skal gjere føreligg.
3. Saka vert teken opp att når resultatet av departementet sin gjennomgang ligg føre.

Votering:

Dei framlagte forslaga til vedtak vart stemt over i rekkjefølgje.

Ellen Solheim sitt forslag til vedtak fekk 1 stemme - Ellen Solheim
9 stemte i mot - Oddvard Nilsen, Kari Oftedal Lima, Gisle Handeland, Magnar Lussand, Gunnvor A Sunde, Aslaug Husa, Inger Hamborg, Reidun Korsvoll, Eli Moldeklev

Styreleiar sitt forslag til vedtak fekk 9 stemmer - Oddvard Nilsen, Kari Oftedal Lima, Gisle Handeland, Magnar Lussand, Gunnvor A Sunde, Aslaug Husa, Inger Hamborg, Reidun Korsvoll, Eli Moldeklev
1 stemte i mot – Ellen Solheim

Vedtak (mot ein stemme – Ellen Solheim):

1. Styret viser til styreleiar sin munnlege gjennomgang av status for saka og møte med Statsråden, og sluttar seg til at styret i Helse Vest ber Helse- og omsorgsdepartementet gjere ein snarleg gjennomgang av det nevrokirurgiske tilbodet i Helse Vest.
2. Styret held fast ved sitt vedtak av 23.05.2007 (sak 041/07) og vedtak i Føretaksmøte i Helse Stavanger 24.05.2007 med unntak av punkt 2 g i føretaksmøtet. Dette inneber at vedtaket om endringar for Parkinson-kirurgien ikkje trer i kraft før resultatet av den vurderinga HOD skal gjere føreligg.
3. Saka vert teken opp att når resultatet av departementet sin gjennomgang ligg føre.

067/07 B Regulering av løn til administrerende direktør i Helse Vest RHF

Vedtak (samrøystes):

Administrerende direktør si løn vart regulert opp med 4% med verknad frå 1.januar 2007.

068/07 Eventuelt

Styret ønskte å få tilsendt alle internblad i Helse Vest og i helseføretaka.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Brev frå Helsetilsynet i Rogaland, dagsett 6.06.07 "Avslutning av tilsyn"
- Brev frå Stavanger-regionen Næringsutvikling til Helse Vest RHF, dagsett 4.06.07 "Uttalelse fra ordførerne i Stavanger-regionen Næringsutvikling om striden rundt nevrokirurgitilbudet i Helse Vest"
- Kopi av brev frå HOD til SHdir, dagsett 31.05.07 "En faglig gjennomgang av det nevrokirurgiske behandlingstilbudet i Norge "
- Brev frå Sogn Regionråd til Helse Vest RHF, dagsett 19.06.07 "Sommarstengning av fødestova i Lærdal – fråsegn frå Sogn Regionråd "
- Brev frå Helse Vest RHF til Helse Førde HF, dagsett 15.06.07 "Sommarstengning av forsterka fødestove ved Lærdal sjukehus"
- Brev frå Helse Førde HF til Helse Vest RHF, dagsett 14.06.07 "Sommarstengning av forsterka fødestove ved Lærdal sjukehus"
- Brev frå Helse Vest RHF til Helse Førde HF, dagsett 13.06.07 "Sommarstengning av fødestova ved Lærdal sjukehus"
- Brev frå HOD til RHFa, dagsett 11.06.07 "Sommerstengte fødeavdelinger"
- Brev frå Helse Vest RHF til HOD, dagsett 15.06.07 "Midler til videreutvikling av lokalsjukehusene og samhandling med de kommunale tjenestene"
- Brev frå Helsetilsynet til Helse Vest RHF, dagsett 11.06.07 "Varsel om vedtak om tvangsmulkt"
- Brev frå Helse Stavanger HF til Helse Vest RHF, dagsett 5.06.07 "Vaskeritjenester Helse Stavanger HF"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Rogaland til Duedalen Blå Kors Behandlingssenter, dagsett 1.06.07 "Tilsyn med Duedalen Blå Kors Behandlingssenter"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Rogaland til Frelsesarmeens Bo- og behandlingssenter, dagsett 11.05.07 "Rapport fra tilsyn med Frelsesarmeens Bo- og behandlingssenter"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Helse Bergen HF, dagsett 11.05.07 "Tilsynsrapport - Helse Bergen HF, Bjørgvin DPS, Floenkollektivet"
- Brev frå SHdir til RHFa, dagsett 15.05.07 "Vedrørende anskaffelser i Sykefraværsprosjektet Raskere tilbake - Juridiske forhold som må ligge til grunn"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Rogaland til Sentrum Røntgeninstitut , dagsett 1.06.07 "Tilsyn med Sentrum Røntgeninstitut"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Rogaland til Helse Stavanger HF, dagsett 1.06.07 "Oversending av rapport fra tilsyn med Akutmottaket ved Stavanger Universitets-sjukehus, Helse Stavanger HF 24. - 25.04.2007"

- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Hordaland, dagsett 25.05.07 "Oversending av rapport frå tilsyn med Helse Bergen HF, Medisinsk servicedivisjon, Akuttmottak 26. - 27. april 2007"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Rogaland til Helse Fonna HF, dagsett 25.05.07 "Oversending av rapport frå tilsyn med Helse Fonna HF, Klinik for kirurgi og akuttmedisin, Haugesund sjukehus, Akuttmottak"
- Brev frå Helsetilsynet i Rogaland, dagsett 11.05.07 "Tilbud om legemiddelassistert rehabilitering i Rogaland"

Følgjande skriv og meldingar var delt ut i styremøte:

- Brev frå Riksrevisjonen til Helse Vest RHF, dagsett 20.06.07 – "Helseforetakenes rutiner vedrørende mottak og forvaltning av gaver" Utsatt off jf. rr. lov §18 (2)
- Brev frå ordførarane i Ryfylke til Helse Vest RHF, dagsett 21.06.07 – "Uttale frå Ryfylkes ordførere"
- Brev frå Statsråd Sylvia Brustad til Aksjonsgruppa for eit godt helsetilbod i Sogn og Fjordane, dagsett 21.06.07 – "Ope brev til helseministeren om sentralsjukehuset i Førde"
- Brev frå Riksrevisjonen til Helse Vest RHF, dagsett 20.06.07 – "Helseforetakenes rutiner vedrørende mottak og forvaltning av gaver" Utsatt off jf. rr. lov §18 (2)
- Brev frå ordførarane i Ryfylke til Helse Vest RHF, dagsett 21.06.07 – "Uttale frå Ryfylkes ordførere"
- Brev frå Statsråd Sylvia Brustad til Aksjonsgruppa for eit godt helsetilbod i Sogn og Fjordane, dagsett 21.06.07 – "Ope brev til helseministeren om sentralsjukehuset i Førde"
- Brev frå NRK Rogaland til Helse Vest, dagsett 18.06.07 – "Ang. innslag om framtidig samarbeid om nevrokirurgi i Helse Vest i NRK Rogalands radiosendingar 18.06.07"
- Lesarinnlegg sendt til Rogalands Avis, dagsett 26.06.07 – "Urettferdig legefording?"

Ref. Torunn Nilsen
Stavanger 27. juni 2007

Sett:

Oddvard Nilsen
Styreleiar

Kari Oftedal Lima
Nestleiar

Svein Andersen

Reidun Korsvoll

Gisle Handeland

Ellen Solheim

Magnar Lussand

Gunnvor A. Sunde

Aslaug Husa

Sett:

Inger F. Hamborg

Eli Moldeklev

Helge Espelid